



Vår saksbehandlar:
Elisabeth Gjerde

Sak nr D1/19
Direkte telefonnr.:
53423154

Vår dato:
02.01.2019
Dykkar dato:

Vår referanse:
2018/1648-19/2019
Dykkar referanse:

Vidar Vågen
Sæverudsøyvegen 289
5427 Urangsvåg

MELDING OM VEDTAK OG KLAGERETT - DISPENSASJON TIL OPPFØRING AV GARASJE 98/136 SÆVERUD

–
Me viser til din søknad mottatt 02.10.18 om avklaring av dispensasjon ved oppføring av garasje på gnr/bnr: 98/136

I samsvar med Bømlo kommune sitt delegasjonsreglement har rådmannen treft følgjande

ADMINISTRATIVT VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå §§ 1-8 og 11-6 til å føra opp garasje omlag 40 m frå kystkonturen på gnr.98, bnr.136, av Sæverud.

Dispensasjon vert grunngeve med følgjande:

Dette er ei bustadtomt som er bebygd frå før. Garasjen vert liggjande på baksida av bustaden slik at bustaden vert liggjande mellom sjøsida og garasjen. Plasseringa av garasjen vil ikkje skapa privatisering i høve til ålmenta sin ferdsel i strandsona. Tiltaket er heller ikkje i strid med kulturminnelov eller naturmangfaldslova. Det offentlege sine interesser vert ikkje råka av dispensasjonen.

Merknad:

Dispensasjonsvedtaket er gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Garasjen må vera igangsett innan den tid.

Vilkår:

Garasjen må meldast inn på vedlagt skjema 5188 når den er bygd.

Vår gjennomgang av søknaden din og bygning-/adresseopplysningar som vert registrert i matrikkelen:

Dispensasjonsvurdering:

I plan- og bygningslova §11-6 står det at kommuneplanen sin arealdel fastset framtidig arealbruk for området. Du har søkt om bygging av garasje.

Tomta di ligg i område som i gjeldande kommuneplan er sett av til LNF-område der spreidd bustadbygging kan godkjennast. I dette arealføremålet er det fastsett ei byggjegransa på 50 m frå sjø. Garasjen er omsøkt liggjande ca.40 m frå kystkonturen og vil difor krevja dispensasjon frå byggjeforbodet i 100-meters beltet langs sjøen, jamfør plan- og bygningslova §1-8.

Etter § 19-2 i plan- og bygningslova kan kommunen gje varig eller mellombels dispensasjon frå føresegner fastsett i eller i medhald av lova. Det kan setjast vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegna det vert dispensert i frå, eller omsyna i lovas føremålsføresegna, vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene etter ein samla vurdering. Ved vurderinga av om det skal gjevast dispensasjon frå planar skal statlege og regionale rammer og mål leggast særleg vekt på.

Etter ordlyden i lova er det såleis ikkje kurant å få dispensasjon. Kommuneplanen er eit resultat av ein omfattande politisk planprosess der offentlege og private, ulike interesse-organisasjonar og andre med særlege interesser har hatt høve til å ta del.

Søknaden din har vore på høyring til fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune. Dei har ingen merknader i saka.

Bygningsmynde meiner at vilkåra for å kunna gje dispensasjon i denne saka ligg føre. Me grunngjev dette med at dette er ei bustadtomt som er bebygd frå før. Garasjen din vert liggjande på baksida av bustaden, dvs bustaden vert liggjande mellom sjøsida og garasjen. Plasseringa av garasjen vil såleis ikkje skapa privatisering i høve til ålmenta sin ferdsel i strandsona. Tiltaket er heller ikkje i strid med kulturminnelov eller naturmangfaldslova. Det offentlege sine interesser vert ikkje råka av dispensasjonen.

Etter ein reell og konkret vurdering av søknaden din finn me at vilkåra for å kunna gje dispensasjon ligg føre.

Dokument i saka:

1. Søknad om byggjeløyve, mottatt 02.10.18.
2. Sendt på høyring 04.12.18.
3. Uttale frå fylkesmannen i Hordaland, datert 28.12.18

Tiltakshavar:	Vidar Vågen										
Eigedom:	Gnr/bnr:	98/136				Bygn.type kode:	181				
Eigedoms adresse:	Sæverudsøyvegen 289				Bygn nr:	Vert tildelt ved matrikkelføring					
Bruksareal (BRA)	32	m ²	U01:	0	m ²	H01:	32	m ²	L01:	0	m ²
Sum BRA	32		m ²								
BYA	34		m ²								
Avstand nabogrense (Jmf PBL 29-4):	> 1 meter										
Avstand anna bygg (Jmf TEK §11-6):	> 1,2 meter			Eigen bustad							
Avstand midte veg:	meter										
Avkøyrsløse frå:	Kommunal veg		x	Rv		Fv					
Planstatus:	I arealdelen til kommuneplanen er område avsett til LNF område der spreidd bustadbygging er tillate.										

Nabovarsel (jmf PBL 21-3):	Ingen merknader
Dispensasjon (jmf PBL §19-2) :	Krev dispensasjon frå pbl §1-8, sjå ovanfor
Naturmangfaldlova:	I høve til naturbase og artskart er det ingen registreringar av prioriterte artar, trua eller nær trua artar. Det er heller ingen registrerte naturtypar i området. Dermed er det ikkje påvist moglege effektar av tiltaket på naturmangfaldet. Vilkår i § 8 om at kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter er i denne saka oppfylt. Dersom det er registreringar i området skal prinsippa i §§ 8-12 fylgjast.
Kulturminne:	I høve til Riksantikvaren sin kulturminnedatabase/SEFRAK så er det ingen kjende registreringar på tomta. Alle byggeområde er likevel underlagt undersøkingsplikt etter kulturminnelova. Du har aktsemd- og meldeplikt. Dette vil seie at arbeidet skal stoppast og kulturminnemynde varslast dersom du oppdagar gjenstandar eller spor etter tidlegare menneskeleg aktivitet
Saksutgreiing/vurdering:	Etter ei samla vurdering er det ikkje noko til hinder for at tiltaket kan utførast som planlagt.
Anna:	

Gebyr:

Sakshandsamingsgebyret vert fastsett etter gjeldande regulativ og 21 - 7, jf SAK, kapittel 7. Faktura vil bli tilsendt tiltakshavar frå vår økonomiavdeling. Nærare informasjon om saksbehandling, gebyr m.m er å finna på www.Bømlo.kommune.no (**bustad og eigedom**).

Klagerett:

Søknaden din er avgjort etter fullmakt. Du kan klaga på Bømlo kommune sitt vedtak. Klagen må vera sendt innan tre veker etter at du fekk dette brevet. Du skriv klagen din til Fylkesmannen i Hordaland, men du må senda brevet til oss.

Eventuell klage vert å senda på e-post til postmottak@bomlo.kommune.no eller pr. brev til Bømlo kommune, Arealbruk, Leirdalen 1, 5430 Bremnes. Sjå meir informasjon om klage og klagerett på vedlagt informasjonsark.

Med helsing
Arealbruk

Elisabeth Gjerde
Avd. ingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Kopi til:

HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Agnes Mowinckels gate 5	5008	BERGEN
FYLKESMANNEN I HORDALAND	Kaigaten 9	5015	BERGEN

Sendar Bømlo Kommune Arealbruk 5430 Bremnes	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova §27 3.ledd)
Klageinstans: Fylkesmannen i Hordaland, justisavdelinga	Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom de vil klaga på vedtaket de no er gjort kjend med
Klagerett	De har rett til å klaga på vedtaket
Kven kan du klaga til?	Klage sender du til Bømlo Kommune. Dersom ikkje vedtaket vårt vert endra som følgje av klagen, sender me klaga over til fylkesmannen i Hordaland.
Klagefrist	Klagefristen er tre veker frå den dag dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom du klagar så seint at det kan vera uklart for oss om du har klaga i rett tid, bør du opplysa om datoen for når du fekk dette brevet. Dersom du klagar for seint, kan me sjå bort frå klagen. De kan søkja om å få lengre klagefrist. Dette må då grunngjevast.
Innhald i klagen	De må opplysa om kva for eit vedtak de klagar på, grunn til at du klagar, dei endringane du ynskjer og eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seia for vår vurdering av klagen. Klagen må vera underskriven.
Utsetting av gjennomføringa av vedtaket	Sjølv om du har klagerett, kan vedtaket vanlegvis setjast i verk med det same. Men du kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.
Rett til å sjå dokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unntak har du rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §18 og §19 i forvaltningslova. Du må i tilfelle ta kontakt med oss. De vil då få nærare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåte og om reglane for saksgongen.
Kostnadane med klagesaka	Det er høve til å krevja dekking for ekstra kostnader i samband med klagesaka, til dømes til advokathjelp. Dersom vedtaket vert endra til din fordel, kan du ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen vil om naudsynt gjera deg merksam på retten til å krevja slik dekking av sakskostnader. Eventuelt krav om dekking av sakskostnader må vera fremja innan 3 veker etter at det nye vedtaket vart gjort kjent for deg.
Klage til sivilombodsmannen	Dersom du meiner at du har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan du klaga til stortingsombodet for forvaltninga (sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endra vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har behandla saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom du får klagen din avgjort i statsråd fordi Kongen er i statsråd, kan de såleis ikkje seinare føra saka inn for sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	